



NVE Region vest  
Naustdalsvegen 1b  
6800 FØRDE

## Uttale til nasjonal ramme for vindkraft

Kommunestyre i Voss kommune fattar fylgjande vedtak i møte 18.10.18.  
Vedtaket vart fatte med 36 mot 6 røyster

### Innleiing

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) arbeider for tida med kartlegging av område som kan egna seg for vindkraft. Store deler av fjellareala i Voss kommune fell innanfor 2 av områda som er med i den nasjonale vindkraftplanen.

Voss kommunestyre meiner at områda 17 og 18 må takast ut av nasjonal ramme for vindkraft, og vurdert som ikkje eigna for vindkraftutbygging grunna høge verdiar for natur, landskap, kulturlandskap, friluftsliv, luftsport og turisme.

Områda ligg i kjernen av det Vestlandske fjordlandskapet mellom Hardangerfjorden og Sognefjorden der hundretusenvis av turistar kvart år kjem for å oppleva vakker urørt natur. Dette er den viktigaste næringa for regionen.

Voss kommunestyre meiner at argumenta for vindkraft på land er få, argumenta mot er mange. I tillegg er det andre og langt meir skånsame alternativ, slik som oppdatering av eksisterande kraftverk, energiøkonomisering og havvind. Desse tiltaka tilseier at ein på ingen måte har trong for å ta i bruk store areal og øydelegga dei for all framtid gjennom etablering av vindparkar på land.

Vidare vil Voss kommunestyre peika på at Voss kommune har stilt store naturressursar til rådvelde for samfunnet sitt behov for energi gjennom eksisterande vasskraftutbyggingar i desse områda og ynskjer difor at naturen der i framtida skal vera mest mogeleg urørt. Områda representerer det siste av Voss kommune sine inngrepsfrie naturområde (INON).

### Nærare om områda som er vurdert i Voss kommune:

#### Sone 18

Sone 18 omfattar området nord for Voss frå Lønahorgi og inn mot Nærøyfjorden og Sognefjorden Her ligg «Stølsheimen landskapsvernområde», og analyseområdet grensar og inn mot verdsarvområdet «Vestnorsk Fjordlandskap». Begge desse områda har høge landskap- og naturkvalitetar med store friluftsinnteresser. I dette området har me og ei viktig villreinstamme (Fjellheimen villreinområde). Det er viktige støls- og kulturminne i området. Området er også ein del av Nordhordland biosfæreområde som er kandidat til å verta eit UNESCO-område. Dette tilseier at området bør vera uaktuelt for utbygging av vindkraft.

#### Sone 17

Sone 17 omfattar området sør for Voss mot Hardangerfjorden med mellom anna; m.a. Hamlagrø, Gråsida og deler av Bordalsfjella mot Kvanndal og Bergsdalen. Gråsida er eit særskilt viktig friluftsområde der dei viktigaste tilkomstane er frå Hjelle og Hamlagrø /Torfinnsvatnet. Tilsvarande er dei viste områda i Bordalsfjella viktige friluftsområde i Voss kommune. Området har høge landskap- og naturkvalitetar med store regionale



friluftsjnteresser med Turistforeninga sine hytter og turruter representert ved Voss Utferdslag og Bergen og Hordaland turlag. Området har også reinsdyrstamme som vert forvalta som tamrein. Det er viktige støls- og kulturminne i området. Samla tilseier dette at området bør vera uaktuelt for utbygging av vindkraft.

#### **Konklusjon:**

Dei to analyseområda NVE skisserer (17 og 18) er sårbare fjellområde med sær store naturverdiar og representerer noko av det siste me har att av urørt natur og villmark. Begge områda har i dag livskraftige reinstammer, og ellers stort artsmangfald, med td hekkeområde for rovfugl. Begge områda er i dag sær populære turområde, både for lokale og tilreisande, med mellom anna DNT-hytter og merka stiar. Den største næringa i kommunen er reiselivet, og desse naturområda har stor verdi for dei. **Voss kommunestyre går inn for at analyseområda 17 og 18 vert trekt ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.**

Med helsing  
Voss kommune  
Dokumentsenteret

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur